



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Bygland kommune

4745 Bygland

Dykkar ref.
2016/458-18

Vår ref.
17/3059

Dato
24.05.2017

Klage frå Bygland kommune over Politidirektoratet si avgjerd av 13. januar 2017 om endringar i lokal struktur i Agder politidistrikt

Justis- og beredskapsdepartementet viser til klage av 10. mars 2017 frå Bygland kommune. Vidare vert det vist til Politidirektoratet si avgjerd av 13. januar 2017 om endringar i lokal struktur i politidistriktet for Bygland kommune:

«Sammenslåing av lensmannsdistriktene Valle og Bykle, Bygland, og Evje og Hornnes, til Setesdal lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet vil ha følgende tjenestesteder: Valle og Bykle lensmannskontor og Bygland, Evje og Hornnes lensmannskontor».

Politidirektoratet har i brev av 30. mars 2017 sendt over klagen frå Bygland kommune til Justis- og beredskapsdepartementet, med kopi til Bygland kommune og Agder politidistrikt. I brevet frå direktoratet er det opplyst at klagen frå Bygland kommune er lagt fram for dei involverte kommunane, jf. Forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 5 andre ledd.

1. Bakgrunn

Nærpolitireformen, Prop. 61 LS (2014-2015), vart godkjent i statsråd 6. mars 2015 og sendt til Stortinget for behandling. Proposisjonen vart vedteken med nokre endringar 10. juni 2015, jf. Innst. 306 S (2014-2015) og Innst. 307 L (2014-2015). Det overordna målet med nærpolitireformen er mellom anna i Innst. 306 S (2014-2015) uttrykt slik:

«Målet med reformen er et nærpoliti som er operativt, synlig og tilgjengelig, og som har kapasitet og kompetanse til å forebygge, etterforske og påtale kriminelle

Postadresse
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo
0030 Oslo

Kontoradresse
Gullhaug Torg 4A
0484 Oslo

Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org.nr.: 972 417 831

Sakshandsamar
Jan Inge Helgheim
22 24 55 91
jan-inge.helgheim@jd.dep.no

handlinger og sikre innbyggernes trygghet. Det skal utvikles et kompetent og effektivt lokalt nærpoliti der befolkningen bor. Samtidig skal det utvikles robuste fagmiljøer som er rustet til å møte dagens og morgendagens kriminalitetsutfordringer».

Justis- og beredskapsdepartementet har gjeve Politidirektoratet fullmakt til å bestemme politidistrikta si inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikt, og samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor og politistasjonar.

Som ein del av nærpolitireformen har politimeistrane utgreidd og foreslått endringar i politidistrikta sin lokale struktur. Siktemålet har vore å frigjere tid og ressursar slik at politiet kan vera meir tilgjengeleg og til stades i nærmiljøa. Den lokale strukturen i politidistrikta skal legge til rette for eit nærpoliti som er operativt og synleg, med kapasitet til å førebygge, etterforske og påtale kriminelle handlingar. Innspel frå involverte kommunar og politiets tenestemannsorganisasjonar lokalt er vurdert av politimeistrane. I tillegg har det vore diskusjonar undervegs i politidirektøren si nasjonale leiargruppe.

Tilrådingane frå politimeistrane vart sendt til Politidirektoratet 15. desember 2016. Politidirektoratet vedtok ny lokal organisering av norsk politi 13. januar 2017.

Avgjerda frå Politidirektoratet om endringar i inndelinga i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor eller politistasjonar kan påklagast til Justis- og beredskapsdepartementet av kommunar som vert ramma av endringa, jf. Forskrift av 22. juni 2016 om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 1.

2. Merknader frå kommunen

I brev av 10. mars 2017 frå Bygland kommune går det mellom anna fram at kommunen er prinsipielt usamd i at lensmannskontoret i Bygland vert nedlagt, da kommunen ikkje på nokon måte kan sjå at omorganiseringa vil gje betre polititjenester i Setesdal.

Bygland kommune meiner at prosessen ikkje har vore tilfredsstillande med omsyn til plassering av tenestestaden for Evje, Hornnes og Bygland, og vil at denne delen av vedtaket må opphevast. Utifrå geografi og demografi kunne tenestestaden blitt lagt kvar som helst på strekninga Evje – Bygland. Bygland kommune meiner såleis at det ville vore naturleg å gjennomføra ein anbuds konkurranse om lokal til til tenestestaden eller ein annan prosess der alternative lokaliseringar vart vurdert.

Utover dette har Bygland kommune uttrykt støtte til klagen frå Valle kommune på administrasjonsstad Evje for Setesdal lensmannsdistrikt.

3. Merknader frå nærliggande kommunar

Politidirektoratet har opplyst at to av kommunane i Agder politidistrikt har kome med synspunkt på klagen frå Bygland kommune. Dette er Flekkefjord kommune samt Evje og Hornnes kommune.

Flekkefjord kommune har mellom anna vist til:

«Flekkefjord kommune støtter klagen fra kommunene Lyngdal, Birkenes og Bygland om avvikling av de stedlige lensmannskontorene på de tre nevnte stedene».

Frå Evje og Hornnes kommune vert det sagt at:

«Evje og Hornnes kommune tar klagen fra Bygland kommune til orientering.»

Evje og Hornnes kommune vil understreke at vi forholder til høringsinnspillet fra kommunestyret, samt de beslutninger som foreligger».

4. Politidirektoratets vurdering

Politidirektoratet har i brev til departementet av 30. mars 2017 gjort greie for vurderingsgrunnlaget og ikkje funne grunn til å omgjera si tidlegare avgjerd for Bygland kommune.

Politidirektoratet har vist til at avgjerda av 13. januar 2017 om å legga Bygland lensmannskontor inn i eit nytt Setesdal lensmannsdistrikt og legga ned Bygland lensmannskontor som tenestestad, var basert på tilråding frå politimeisteren i Agder politidistrikt. Politimeisteren si tilråding er gjort utifrå politifaglege vurderingar og ein lokal prosess med involvering av kommunar og fagforeningar.

Vidare er det vist til at direktoratet har vurdert innspela og synspunkta som har kome fram, både i klagen frå Bygland kommune og politimeisteren sine synspunkt i brev av 15. mars 2017. Politimeisteren har gjort greie for korleis politiet sine tenester vil bli handtert i Bygland kommune når lensmannskontoret vert samanslege. Politidirektoratet har etter dette lagt til grunn at politimeisteren har gjort gode politifaglege vurderingar i tråd med nærpolitireformen sine målsettingar.

Involverte kommunar har fått seg førelagt klagen frå Bygland kommune, og Politidirektoratet har vurdert innspelet frå Flekkefjord kommune samt Evje og Hornnes kommune. Etter direktoratet si vurdering kjem det ikkje fram opplysningar her som tilseier ei endra vurdering.

Politidirektoratet har såleis konkludert med at det ikkje føreligg nye opplysningar som gjev grunnlag for å fråvike tilrådinga frå politimeisteren i Agder politidistrikt.

5. Justis- og beredskapsdepartementet si vurdering og avgjerd

Klagen er fremma i tråd med *Forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten* av 22. juni 2016. Det går fram av

forskrifta § 1 at kommunar som vert påverka av ny tenestestadstruktur kan påklaga denne til Justis- og beredskapsdepartementet.

Det framgår vidare av forskrifta at Justis- og beredskapsdepartementet kan treffa ny avgjersle eller oppheve direktoratet si avgjerd heilt eller delvis og sende saka tilbake til direktoratet for ny behandling, jf. forskrifta § 6 første ledd.

For øvrig gjeld forvaltningslova kapittel II og III og alminnelege reglar om god forvaltningsskikk for departementet si klagebehandling, jf. forskrifta § 7.

Politidirektoratet har i sitt brev til departementet gjort greie for den forutgåande prosessen i Agder politidistrikt. Her kjem det mellom anna fram at politimeisteren har hatt ein omfattande lokal prosess med involvering av kommunane, i tillegg til tenestemannsorganisasjonane.

Politimeisteren har i brev av 15. mars 2017 mellom anna opplyst at Bygland kommune i 2016 hadde 1204 innbyggjarar, medan Evje og Hornnes hadde 3582. Vidare er det opplyst at Evje og Hornnes i mange år har hatt mellom 250 og 280 politimelde saker i året, medan Bygland har hatt mellom 60 og 110 straffesaker til behandling. Etter det som er opplyst har begge lensmannskontora i utgangspunktet vore opne kvar dag.

Bygland kommune har i klagen mellom anna uttrykt at den forutgåande prosessen ikkje har vore tilstrekkeleg god. Departementet viser her til politimeisteren si tilråding i brev av 15. desember 2016 til Politidirektoratet, der den forutgåande prosessen er skildra, og kan ikkje sjå at noko som gjev grunn til å stille spørsmål ved den lokale prosessen.

Vidare meiner Bygland kommune at lensmannskontoret kan leggest kvar som helst på strekinga Evje-Bygland. Politimeisteren si klare mening er at basert på saksmengde, innbyggjartal og behov for publikumsekspedering, bør lensmannskontoret leggest til Evje. Evje har både fleire innbyggjarar, mottok fleire politimelde saker og behandlar fleire straffesaker enn Bygland. Politimeisteren viser også til at bemanninga av politiet i Setesdal er den beste i heile Agder politidistrikt, vurdert utifrå innbyggjartal og saksmengde. Elles har politimeisteren vist til målsettinga om at politiet skal meir ut til innbyggjarane og at det på sikt skal bli mindre behov for publikumsoppmøte på lensmannskontora. På lik linje med Politidirektoratet meiner departementet at krava til publikumsservice, tilgjengeligheit og beredskap er varetekne for innbyggjarane i Bygland kommune.

Departementet meiner at etablering av større tenesteeiningar vil leggje til rette for ei meir hensiktsmessig polititeneste gjennom mellom anna omdisponering av mannskap til operativ teneste. Meir auka patruljeverksemnd vil kunne gje kortare responstid. Endringane som er vedtekne for Agder politidistrikt vil etter departementet si

vurdering leggje til rette for at dei sentrale krava til polititeneste som er omtala i Prop. 61 LS (2014-2015) og Innst. S 306 (2014-2015) kan varetakast på ein god måte.

Elles vil departementet understreka at politikontakten i den nye politistrukturen vil få ein sentral rolle i samspelet mellom driftseininga, tenestestaden og kommunen. Departementet meiner at politikontakten, som skal vera etablert innan 15. juni 2017 i samtlege kommunar, på ein god måte vil bidra til at politiet jobbar tettere og meir strukturert saman med kvar kommune, mellom anna for å opparbeide seg god lokalkunnskap om kommunen.

Involverte kommunar har fått lagt fram klagen i tråd med forskrifta § 5 andre ledd.

Etter ei samla vurdering av dei opplysningar som er lagt fram i saka finn ikkje departementet grunnlag for endra vurdering av spørsmålet om ny tenestestadsstruktur. Politidirektoratet si avgjerd av 13. januar 2017 vert ståande. Klagen frå Bygland kommune vert ikkje teken til følge.

Justis- og beredskapsdepartementet si avgjerd kan ikkje påklagast, jf. forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 6 andre ledd.

Ein kopi av dette brevet er sendt Politidirektoratet til vitande.

Med venleg helsing

Thor Arne Aass
ekspedisjonssjef

Sven Olav Gunnerud
avdelingsdirektør

Kopi: Politidirektoratet

Dokumentet er godkjent og blir sendt utan signatur